



Frekhaug Bolig AS
Mjåtveitflaten 55
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2744 - 21/36023

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
31.05.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 322/262 Mjåtveit

Tiltak: planering av tomt
Byggjestad: Gbnr: 322/262
Tiltakshavar: Øyvind Litangen
Ansvarleg søkjar: Frekhaug Bolig AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.03.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket krev dispensasjon frå plankrav pkt. 1.2.1 i kommunedelplan for Meland då området er uregulert. Søknad skal grunngjevast og nabovarslast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.06.2021 Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Frekhaug Bolig AS
Øyvind Litangen

Mjåtveitflaten 55
Orrhøyflaten 12

5918	FREKHAUG
5918	FREKHAUG